

Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Vår ref.
23/1745-2

Dykkar ref. Sakshandsamar
Christian Sønstlien

Direktenr

Arkiv
K2-K54

Dato:
01.11.2023

Innspel til stortingsmelding om flaum og skred

Regjeringa har sett i gang arbeid med stortingsmelding som har tema flaum og skred. Årdal kommune ynskjer å komme med innspel til denne meldinga.

Årdal kommune opplever allereie konsekvensane av klimaendringane. Årdal ligg inst i Sognefjorden og har innafor kommunegrensa den mest alpine delen av Noreg. Meir styrtregn og mildvær høgt til fjells midt på vinteren er mellom anna klare indikasjonar på at det har vore endring i klima. Vi ser at det kjem fleire ras og fleire flaumar.

Typografien i indre deler av Vestland gjere at det går svært kort tid frå styrtregn til at det oppstår ras og flaum. For dei kommunane i indre Vestland – som Lærdal, Voss, Ullensvang og Årdal – som ikkje kan regulere sine vassdrag er dette ekstra utfordrande.

Årdal kommune ber om at stortingsmeldinga seier noko om den spesielle situasjonen kommunar i indre Vestland står overfor i ein situasjon med stadig fleire ras og flaumar – og vurderer tiltak og eventuelt nytt lovverk opp mot slike utfordringar.

Årdal kommune ynskjer å vere tydeleg på at kommunane i indre Vestland er samfunn som er livskraftige med mellom anna mykje industri. Samfunna skapar betydelege nettoinntekter for nasjonen og utnyttar rein energi frå til dømes vasskraft til dette. Det er derfor behov for tiltak og eventuelt endring av lovverk som gjere det mogleg å utvikle desse samfunna til tross for klimaendringane. Eksempel på dette er at lovverk som skal ivareta naturmangfald ikkje skal vere til hinder for sikring av områder for bustader, institusjonar eller næringsliv/industri. Lovverket bør ikkje vere til hinder for etablering av skredvoller eller sikring av vassdrag. Liv og helse må gå foran.

Oppsummert ber Årdal kommune om at det vert teke to omsyn:

- Når verkemidlar og lovverk skal vurderast, ber me om at Næringsdepartementet vurdere tiltak og lovverk ut i frå at indre deler av Vestland vil oppleve at det er behov for svært rask respons pga. av det alpine landskapet. I motsetning til deler av Austlandet – der det kan gå dagar frå det kjem mykje nedbør til ein ser konsekvensane, er det i indre deler av Vestlandet ofte kun timar mellom mykje nedbør, ras og flaum.
- For å utvikle indre delar av Vestland er det behov for areal til bustader, institusjonar og industri/næring. Slik typografien er i desse kommunane må desse bygga kunne



sikrast mot flaum og ras. Dette kan skje ved bygging av rasvoller og sikring av vatn/elvar. Lovverk – som innan naturmangfald – bør i minst mogleg grad vere til hinder for å sikre liv og helse.

Med helsing
Årdal kommune
Christian Sønstlien
Ordførar